

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	07.12.2022
Vår referanse	2022/91604-2
Dykkar referanse	22/7564
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad - landbruksveg - gnr. 150 bnr. 1 og 2 - Storoksa - Alver kommune

Vi viser til brev datert 25.10.2022 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Vi beklagar sein tilbakemelding i saka. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturmiljøstyresmakt.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Det er kjent ei gravrøys frå bronsealder på nabogarden gnr. 153, bnr. 1. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gravminne, gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KII - Arealplan (Førde)

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift